
Møtereferrat Årsmøte 2010

Dato: 06.02.2011

Stad: Hardangerjord Hotell, Øystese

Oppmøte: 8

Møteleiar: Johannes Helleland

Referent: Øystein D. Dagestad

1 Opning av årsmøte

Årsmøte 2010 vart avhalde på Hardangerjord Hotell i Øystese. Åtte representantar frå klubben møtte opp.

2 Konstituering

- Godkjenning av innkalling
- Val av ordstyrar, referent og 2 medlemmer til å signere referatet.

Innkallinga vart godkjent.

Johannes Helleland var ordstyrar.

Olav Kant og Olav H Helleland vart vald til å signera referatet.

3 Godkjenning av årsmelding.

Årsmeldinga vart godkjent, med noko korrektur.

4 Godkjenning av rekneskap 2010

Rekneskap for 2010 vart godkjent.

5 Innkomne forslag

Ingen forslag var levert inn til styret.

6 Kontingent

Kontingenten vert auka med 50,- til 300,- frå og med 2012.

7 Godkjenning av budsjett for 2011

På årsmøte 2009 vart det bestemt at i 2010 skulle ein har fokus på lokal rekruttering. Dette arbeidet vil ein fortsette med i 2011. Som eit ledd i dette arbeidet vart det bestemt at det vart sett av 4000,- til sponning av ungdommar som gjennomfører PG kurs i klubben.

Budsjett for 2011 vart godkjent.

8 Val

Verva som leiar, styremedlem, varamedlem og valkomité var på val. Det kom eit benkeforslag på å bytta om verva som valkomiteen hadde sett opp slik at Olav H Helland vart styremedlem og Sigrunn Eidnes vart varamedlem. Det vart halde avstemming med fleirtal for forslaget.

Leiar(1 år): Johannes Helleland

Nestleiar (2010 - 2 år): Morten Laupsa-Borge

Kasserar(2010 – 2 år): Øystein D. Dagestad

Styremedlem(1 år): Guri Norheim Storeide og Olav H Helleland

Varamedlem(1 år): Sigrunn Eidnes

Valkomité(1 år): Ida Tordal og Bjørnar Fykse

Olav H Helland har sagt seg villig til å fortsette som materialforvaltar.

Ivar Sandstå har sagt seg villig til å vere ansvarleg for pokalane.

9 Utdeling av vandrepokalar

- Lengste distanse
- Fleste turar

Ivar Sandstå var vinnar av distansepokalen 2010 med ein tur på 84.7 km frå Nosi til nærleiken av Bleskestadmoen.

Nytt av året var aktivpokalen som går til den mest aktive piloten i klubben. Guri Norheim Storeide var vinnar av aktivpokalen 2010 med heile 108 turar.

10 Diverse saker

Det var ein gjennomgang av aktivitetar som var sett opp for 2011.


- Dimmelsviktreff
- UFO 2011 i Odda
- Morellefestivalen
- Treff i Røldal

Det vart oppfordra til klubbmedlemmer om å verta flinkare til å melde om planlagt helge flyging og å lage uforpliktande treff.

Det blir ikkje halde seminar i 2011, men flytta til 2012. Ein vil fortsette arbeidet med heimesida og integrere meir av informasjonen som har vert på seminara inn på heimesida.

På Tveitane har det i 2009/2010 blitt ein del nyplanting som har minska landinga. Ein vil arbeide med å få ny avtale på ny landing.

Olav Kant



Olav H Helland

